

Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn i sesongen 2015/2016

pr. 14. mars 2016

Prognosen er gitt som underlag for å vurdere tiltak for å balansere markedene for matkorn og råvarer til kraftfôr.

Tilgangsprognose

Prognosen bygger på kvantum korn som er avrekna for landet til og med februar jamført med status på tilsvarende tidspunkt tidlegare år. Norske Felleskjøp gir følgende prognose for tilgangen av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:


Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt		Prognose 2015	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
	2010-14	Tilgang 2014			
Matkveite	157 700	217 500	158 700	101 %	73 %
Fôrkveite	123 800	150 900	333 300	269 %	221 %
Kveite i alt	281 500	368 400	492 000	175 %	134 %
Matrug	13 300	31 300	36 700	276 %	117 %
Fôrrug/rughvete	7 700	6 800	29 300	381 %	431 %
Rug i alt	18 800	38 000	66 000	351 %	174 %
Bygg	499 000	498 900	480 000	96 %	96 %
Havre	241 800	269 700	273 000	113 %	101 %
Korn totalt	1 043 400	1 175 000	1 311 000	126 %	112 %
Erter	2 700	2 100	3 500	130 %	167 %
Oljefrø, åkerbønner	9 100	9 600	10 500	115 %	109 %
Korn inkl proteinvekstar	1 055 300	1 186 700	1 325 000	126 %	112 %
Matandel kveite	56 %	59 %	32 %		
Matandel rug	71 %	82 %	56 %		


(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier ein auke i forventa tilgang på 44 000 tonn korn i forhold til prognosen av 19. november.


Det er ikkje tidlegare registrert så store innkjøp av korn i januar som i år. Pr. veke 10 er det avrekna 264 000 tonn i januar mot 203 000 tonn på same tidspunkt i fjor. Også innkjøp i februar ser ut til å bli rekordstort: Ved utgangen av februar er det registrert avrekna 85 000 tonn mot 46 000 tonn i fjor. Førsetnaden i novemberprognosen om at det ikkje ville vere vesentleg meir korn på lager hos bonden enn i 2014/2015, har dermed ikkje halde stikk. Figuren under illustrerer forventanta kvantum og andel av total som ikkje var avrekna pr. 31.10.2015:



Etter prognosen gjenstår kjøp av om lag 6-7 % av 2015-kornet. Dette gir den tredje største korntilgangen til industrien på 20 år; på nivå med dei gode åra 2004 og 2008:



Korrigert for redusert areal i bruk til kornproduksjon, blir fjorårets avling svært god, særleg for kveite og rug der innslaget av haustkorn har slått positivt ut:



Kvalitet og fordeling matkveite

Under er vist registrert og forventa fordeling av matkveiten mellom ulike proteinklasser. Prognosen er basert på oppdatert rapport frå Landbruksdirektoratet og framskriving i forhold til tidlegare års endring av andelar i tidlegare år:

Prognosert klassefordeling (kvantum i tonn):

	2013-14	2014-15	Tilgang 2015-2016		Prognosert tilgang etter tiltak	
	Fordeling	Fordeling	Fordeling	Kvantum (tonn)	Kvantum	Fordeling
Klasse 1	0,2 %	0,1 %	3,8 %	5 900	5 900	5 %
Klasse 2	18,8 %	16,4 %	14,8 %	23 200	23 200	18 %
Klasse 3	68,5 %	57,9 %	42,1 %	65 900	65 900	52 %
Klasse 4	9,2 %	21,6 %	36,0 %	56 500	30 500	24 %
Klasse 5	3,2 %	4,0 %	3,3 %	5 200	200	0 %
I alt	100,0 %	100,0 %	100,0 %	156 700	125 700	100 %

Kolonnane til høgre syner fordelinga mellom klassene etter at 15 000 tonn klasse 4 er teke ut gjennom omdisponeringa pr. desember og vidare føresett at om lag 11 000 tonn klasse 4 og 5 000 tonn klasse 5 blir omdisponert til fôr.

Rapport frå Landbruksdirektoratet gir følgjande tal for proteininnhaldet i kveiten pr. primo mars:

Protein% matkveite	
Klasse 1	12,4 %
Klasse 2	12,4 %
Klasse 3	12,2 %
Klasse 4	11,8 %
Klasse 5	11,7 %
Snitt	12,1 %

Fordeling av tilgangen av norsk korn i sesongen

Tabellen under gir oversikt over den føresatte bruken av norsk korn til ulike formål (korrigert for 1 % svinn):

Fordeling norsk korn (tonn)

Kornslag	Tilgang ny avling	Forbruk matkorn	Overlagring av matkorn	Korn i alt til fôr	Omdisp. av matkorn
Kveite	492 000	141 200	0	350 800	31 000
Rug	66 000	22 200	9 800	34 000	4 700
Bygg	480 000	3 400		476 600	
Havre	273 000	33 400		239 600	
Totalt	1 311 000	200 200	9 800	1 101 000	35 700

Det er lagt til grunn at matmjølmøllene i gjennomsnitt for sesongen vil bruke 50 % norsk matkveite i produksjonen.

Forbruksprognose

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Prognosar gir grunnlaget for etablering av balanse, mellom anna ved å estimere behovet for prisnedskrivning av matkorn.

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med januar 2016 og trend pr. måned for siste fem år for resten av sesongen.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2010/2011	292 466	25 893	3 093	23 320	344 772
2011/2012	279 930	25 590	2 872	23 191	331 583
2012/2013	281 646	26 056	2 604	26 998	337 304
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 863	22 114	3 184	30 178	330 339
Prognose 15/16	276 300	22 200	3 400	31 900	333 800

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Forbrukstala indikerer ein liten auke i foredling av matkorn i forhold til sesongen 2014/15.

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 4. kvartal i 2015 og produksjons- og salsprognosar frå prognoseutvala for mjølk, kjøtt og fjørfe:

Kraftfôrsalg per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K10 - 3K11	905 522	490 110	384 220	33 223	1 813 075
4K11 - 3K12	975 091	490 463	409 564	30 080	1 905 198
4K12 - 3K13	992 119	482 004	446 184	28 380	1 948 687
4K13 - 3K14	997 058	481 603	460 639	25 192	1 964 492
4K14 - 3K15	1 011 275	496 076	426 669	22 771	1 956 791
4K15 - 3K16*	1 030 000	508 000	428 000	20 000	1 986 000
Endring	1,9 %	2,4 %	0,3 %	-12,2 %	1,5 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Det er i sum prognosert ein mindre auke i forbruket av kraftfôr i forhold til prognosert i november.

Import av kornråvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Importbehov matkorn

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil behovet for supplerande import av matkorn i sesongen vere som i tabellen under:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	276 300	22 200	3 400	31 900	333 800
Norsk korn	141 200	22 200	3 400	30 400	197 200
Importbehov	135 100	0	0	1 500	136 600

I august og november er det tildelt 120 000 tonn eller om lag 80 % av totalkvoten. Det er i sesongen behov for import av 1 500 – 2 000 tonn økologisk mathavre.

Importbehov fôrkorn

I vurderinga av balansen no er det lagt til grunn ein karbohydratandel på 70 %, som ved siste kvotetildeling i august. Dette blir vurdert på nytt i maiprognosen.

Behovet for import av karbohydratråvarer blir p.t. vurdert som vist under:

Importbehov karbo (tonn)		
Forbruk		
Kraftfôrsal	1 986 000 tonn	
Andel karbohydratråvare	70,0 %	
Kjøp av karbohydratråvarer		1 390 000
- Forbruk av norsk kli		50 000
Karboråvarer eksklusiv kli		1 340 000
Tilgang		
Norsk korn til kraftfôr etter svinn *)	1 101 000 tonn	-1 090 000
Importbehov karbohydratråvare		250 000

*) Svinn 1,0 %

Norsk korn utgjør med dette 81 % av karbohydratbehovet eksklusiv kli.

Korrigert for at Norge har gitt EU tilgang via tollfrie, bilaterale kvoter på 60 000 tonn og i tillegg gir tollfri import frå MUL-land, tilseier prognosen at tildeling av 205 000 tonn pr. august overstiger det som er behovet i sesongen og det ligg ikkje til rette for tildeling av kvote i mai. Det er med bakgrunn i augustprognosen opna for import av 22 000 tonn meir importert karbohydratråvare enn oppdatert prognose gir grunnlag for:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2016 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	250 000
- Kvoter for mais og maisgrits	(20 000)
- Kvote for rørmelasse	(40 000)
Ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	-
Suppleringsimport inklusive MUL-import	190 000
- Tildelt importkvote i august	(205 000)
- Tildelt importkvote i november	-
Importbehov mai inklusive MUL-import før korreksjon	(15 000)
+/- korreksjon for kvotetildeling forrige sesong	-
- MUL; import og lisensar august-juli	(7 000)
Forslag til importkvote med administrert toll	(22 000)

Eit overskott som følgjer av marknadsregulator sine tilrådingar om importkvantum, vil bli handtert gjennom marknadsreguleringa. Det aktuelle tiltaket vil vere å overlage dette til neste sesong.

VEDLEGG

Tilgang korn (tonn)

	Hvete			Rug		
	Mat	Fôr	Total	Mat	Fôr	Total
1998/1999	122 018	188 460	310 478	3 024	11 441	14 465
1999/2000	196 350	16 842	213 192	5 020	366	5 386
2000/2001	250 551	46 310	296 861	6 832	3 350	10 182
2001/2002	115 461	129 014	244 476	2 503	3 079	5 582
2002/2003	201 111	42 967	244 078	6 048	2 105	8 154
2003/2004	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/2005	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/2006	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/2007	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/2008	303 085	78 421	381 506	25 080	13 225	38 305
2008/2009	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/2010	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/2011	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/2012	40 504	229 783	270 287	4 747	11 362	16 109
2012/2013	174 164	84 459	258 623	2 853	1 841	4 694
2013/2014	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/2015	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
13. august	248 000	153 000	402 000	38 000	22 000	60 000
30. september	152 000	282 000	434 000	42 000	23 000	65 000
19. november	144 000	334 000	478 000	34 000	25 000	59 000
Prognose	158 700	333 300	492 000	36 700	29 300	66 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner
1998/1999	580 016	365 783	1 270 742	0	9 784
1999/2000	585 008	330 530	1 134 116	0	10 304
2000/2001	537 095	374 940	1 219 078	0	9 008
2001/2002	583 915	312 821	1 146 794	290	19 113
2002/2003	555 501	261 445	1 069 176	529	17 822
2003/2004	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312
2004/2005	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237
2005/2006	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220
2006/2007	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519
2007/2008	456 091	260 427	1 136 328	8 691	8 966
2008/2009	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722
2009/2010	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819
2010/2011	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165
2011/2012	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577
2012/2013	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315
2013/2014	479 429	212 361	902 179	963	6 015
2014/2015	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648
13. august	352 000	253 000	1 067 000	2 000	7 000
30. september	446 000	245 000	1 190 000	2 000	8 000
19. november	466 000	263 000	1 266 000	4 000	11 000
Prognose	480 000	273 000	1 311 000	3 500	10 500

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet